

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato: 01.01.2006
 Sakbehandlar: Anne May S. Sønstabø
 Saka gjeld: ØKONOMIRAPPORT PR. 30. NOVEMBER 2005

Styresak 004/06 B

Styremøte 08.02. 2006

Bakgrunn

Denne rapporten bygger på helseføretaka si tilbakerapportering til morselskapet pr. utgangen av november. Økonomirapporten er laga med utgangspunkt i rapporteringa frå helseføretaka si rapportering til Helse Vest samt helseføretaka si rapportering til sine styrer.

Helseføretaka rapporterte den 20. januar estimerte rekneskapstal for heile 2005 som vil bli presentert munnleg i styremøtet. Denne presentasjonen vil bli ettersendt slik at styret kan gjera seg kjent med innhaldet i presentasjonen. Det må understrekast at rekneskapen til HF'a er verken lukka eller revidert, så det er hefta stor usikkerheit ved tala. Fristen for å levere ferdig reviderte rekneskap frå HF'a til Helse Vest er sett til den 28. februar.

Kommentarar

Økonomirapportering pr. NOVEMBER 2005

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	AKKUMULERT NOVEMBER						
	Faktisk resultat A	Budsjett B	Avvik mot budsjett A-B	Meir avskrivningar C	Resultat korr. for meiravskr. D=A+C	Resultat i fjor E	Avvik mot i fjor D-E
Helse Stavanger HF	-59,2	-45,0	-14,1	77,9	18,8	-80,8	99,6
Helse Fonna HF	-82,8	-50,8	-32,0	67,8	-15,0	-44,7	29,7
Helse Bergen HF	-302,1	-260,4	-41,7	200,2	-101,9	-270,9	169,0
Helse Førde HF	-99,1	-48,5	-50,6	62,3	-36,8	-31,7	-5,1
Apoteka Vest HF	2,5	-0,3	2,8		2,5	-0,2	2,7
Helse Vest IKT	0,4	0,5	-0,1	0,0	0,4	0,0	0,4
Kjøp av helsetenester	46,6	75,6	-29,0		46,6	58,4	-11,8
Helse Vest RHF	-42,5	-59,5	17,0		-42,5	-42,5	0,0
Sum føretaksgruppa	-536,3	-388,4	-147,9	408,3	-128,0	-412,4	284,4

Føretaksgruppa har samla sett eit negativt avvik samanlikna mot budsjett på kr 147,9 mill. Dette avviket vil på slutten av året bli korrigert for reserven der det kvar månad blir avsett ca. kr 10,5 mill. Dersom ein hadde løyst opp reserven pr. november¹ er det reelle avviket på kr 34,2 mill.

Med unntak av Helse Fonna og Helse Vest RHF har dei negative avvika auka frå oktober til november. I Helse Stavanger har avviket auka med kr 5,3 mill, Helse Bergen har ein auke i avviket på kr 8,5 mill og Helse Førde har ein auke i avviket på kr 2,9 mill.

PROGNOSE HEILE ÅRET

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	Året totalt				
	Prognose 2005	Budsjett 2005	Rekneskap 2004	Avvik budsjett	Avvik i fjor
Helse Stavanger HF	-81,0	-66,0	-194,3	-15,0	113,3
Helse Fonna HF	-91,2	-62,1	-98,8	-29,2	7,6
Helse Bergen HF	-327,4	-302,4	-495,3	-25,0	167,9
Helse Førde HF	-104,5	-81,6	-109,8	-22,9	5,3
Apoteka Vest HF	-	0,0	-2,3	0,0	2,3
Helse Vest IKT	0,3	0,3		0,0	0,3
Kjøp av helsetenester	82,5	82,5	58,0	0,0	24,5
Helse Vest RHF	-65,1	-65,1	-42,2	0,0	-22,9
Sum føretaksgruppa	-586,4	-494,4	-886,1	-92,0	299,6
Meiravskrivingar	355,0	355,0	354		1,0
Meiravskrivingar invest. 02-05	91,0	91,0			
Resultat justert for meiravskr.	-140,4	-48,4	-532,1	-92,0	391,6

Dersom vi ser på prognosen totalt for heile konsernet ligg det pr. november an til eit resultat for heile året som er kr 92 mill dårlegare enn budsjettet. Samanlikna med oktoberrapporteringa har Helse Fonna auka forventa avvik mot budsjett frå - 25,3 mill til - 29,2 mill. Helse Bergen har auka avviket frå - kr 20 mill til - kr 25 mill, medan Helse Førde har justert prognosen frå - kr 21,4 mill til - kr 22,9 mill. Helse Stavanger sin prognose er uendra frå oktober til november.

I prognosen til Helse Stavanger er det ikkje tatt hensyn til endringar i uttakstilbøyelegheit av overlegepermisjon og heller ikkje justering av DRG-prisen i 2005 som følgje av lågare kodeforbetring nasjonalt enn føresett. Prognosen for året er ikkje endra i forhold til oktober rapporteringa. Førebelse desembertal frå Helse Stavanger viser at ein vil kome ut om lag på nivå med prognosen som er gitt pr. november.

Etter november meiner Helse Fonna at det ikkje er mogleg å innfri prognosen på kr 25 mill i resultatavvik og har utført ei ny kalkulering som viser at ein i beste fall kan oppnå eit avvik på kr 29 mill. Prognosen er i følgje Helse Fonna realistisk vurdert, men likevel utfordrande å oppnå. Risikoen er no mest knytt opp mot kostnadssida. Risikoen på inntektene er stort sett eliminert, men Helse Fonna har likevel stor fokus på koding og produksjon for å sikre målalet for desember. Risikoen på kostnadssida er relatert til varekost og løn og gjeld særleg for løn. Ekstraordinære tiltak har ikkje gitt berekna effekt og utfordringa er difor i følgje Helse Fonna stor.

¹ Pr. november er det avsatt kr 113,7 mill

Helse Bergen hadde i 2005 budsjettet føresett at kodeforbetring ville bli kompensert med høgare ISF-pris for 2005 og at dette ville gje kr 27 mill i meirinntekter. Dette er kr 12 mill meir enn det som faktisk vart resultatet av tilleggsløyvinga i revidert nasjonalbudsjett. I tillegg legg Helse Bergen til grunn at dei vil tape rundt kr 12 mill på halveringa av lab/røntgentakstar. Endeleg utrekning av kostnad til lønnsoppgjer for Akademikarane er ikkje klar enno, men førebels tal kan tyde på at oppgjeret har blitt noko høgare enn budsjettet. Dette vil i så fall auke underskotet for Helse Bergen. I tillegg ligg det ein risiko for auka IKT-kostnader fakturert frå Helse Vest IKT AS som også kan forverre føretaket sitt årsresultat.

I Helse Førde sin prognose er det mellom anna lagt til grunn lågare inntekter ved ortopediklinikken i Lærdal og det er tatt omsyn til 3,6 mill i lågare inntekter grunna halveringa av lab/røntgen takstane. Driftskostnadene viser i prognosen eit avvik på om lag kr 31 mill, der meirkostnader knytt til sjuketransport utgjer kr 6,5 mill. Lønskostnadene er i prognosen oppjustert med kr 29 mill. På plussida er det lagt inn meirinntekter frå gjestepasientar innan psykiatri på kr 5,5 mill.

Prognosen til IKT-selskapet er også usikker. Det er knytt usikkerheit til utfallet av Pro&Contra oppgjeret, verdivurderinga av varelageret og nivået på avskrivingane. Det er nærliggande å tru at det vil verte eit underskot i IKT-selskapet som kan kome opp mot kr 10 mill. I tillegg vil Pro&Contra oppgjeret kunne påverke kostnadene i HF'a. Helse Vest IKT si ramme for 2005 vart i utgangspunktet justert for eit effektiviseringskrav på kr 15,9 mill. Totalt sett skulle selskapet over ein 5 års periode effektivisere kr 48 mill. Slik resultatprognosen no ligg føre er gjennomført effektivisering første år på ca kr 6 mill. Det resterande, ca kr 10 mill, vil blir forsøkt tatt inn i løpet av 5 års perioden, slik at målet på kr 48 mill står ved lag.

Sjølv om det berre står att ein månads drift er prognosetala høgst usikre. Helseføretaka har no rapportert førebelse tal pr. desember som vil bli presentert i styremøtet og som viser at ein særleg i Bergen ligg an til å få eit dårlegare resultat enn prognosen viser. Sjølv om det framleis er ei stund fram til endeleg avslutting av rekneskapen, meiner administrasjonen likevel at det er grunn til å varsle om desse forholda.

2. RESULTAT FOR VERKSEMDENE

2.1 Generelt

Utfordringa i høve til å nå resultatkrava som er sett ligg framleis på variabel løn og varekost. For å kome meir inn i kva som er problemstillinga og kva som kan vere løysinga på dette blir det oppretta to avgrensa prosjekt med representantar for både HF'a og RHF'et som skal gjere eit arbeid som blir avslutta i februar.

Helse Vest sende i slutten av desember ut brev til HF'a med melding om endra godtgjersle av DRG-produksjonen som følgje av at kodeforbetringa har vore lågare enn føresett i statsbudsjettet for 2005. Helse Bergen har gjennom heile året lagt til grunn at dei skal få kr 27 mill i resultatforbetring som følgje av dette. Resultatet viser at dei får kr 15 mill. For dei andre HF'a vil dette medføre ei resultatforbetring. For Helse Stavanger utgjer dette kr 10 mill, Helse Fonna kr 5 mill og Helse Førde kr 4 mill som ikkje er med i novembertala.

2.2 Helse Stavanger HF

2.2.1 Resultat

Samandragrapport pr.:

NOVEMBER 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	232 877	8,7 %	216 174	8,2 %	214 060	8,8 %	253 787	233 556	20 231
ISF	931 638	34,6 %	922 210	34,9 %	553 808	22,9 %	1 016 332	1 005 684	10 648
Rammetilskot	1 432 930	53,3 %	1 426 190	54,0 %	1 570 892	64,8 %	1 563 888	1 556 978	6 910
Andre inntekter	92 801	3,4 %	74 664	2,8 %	83 687	3,5 %	101 228	81 901	19 327
Sum driftsinntekter	2 690 246	100,0 %	2 639 238	100,0 %	2 422 447	100,0 %	2 935 236	2 878 119	57 117
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	326 531	12,1 %	303 270	11,5 %	301 885	12,5 %	361 213	336 320	24 893
Løns- og personalkostnader	1 877 684	69,8 %	1 862 190	70,6 %	1 794 004	74,1 %	2 059 705	2 040 555	19 150
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	463 503	17,2 %	437 593	16,6 %	406 412	16,8 %	506 167	478 600	27 567
Sum driftsutgifter	2 667 718	99,2 %	2 603 053	98,6 %	2 502 301	103,3 %	2 927 085	2 855 475	71 610
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	22 528	0,8 %	36 185	1,4 %	-79 854	0	8 150	22 644	-14 494
Netto finans	-3 764		-3 300		-956		-4 106	-3 600	-506
Ekstraordinære poster	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	18 764		32 885		-80 810	0	4 044	19 044	-15 000
- Meiravskrivning	77 917		77 917		77 917		85 000	85 000	0
Resultat	-59 153	0	-45 032	0	-158 727	0	-80 956	-65 956	-15 000

Samla pr. utgangen av november har Helse Stavanger eit negativt avvik i høve til budsjettert resultat på kr 14,1 mill. På inntektssida er det samla kr 51 mill i meirinntekter medan kostnadssida er kr 64,7 mill høgare enn budsjettert.

ISF-inntektene er 1 % høgare enn budsjettert. Det positive avviket skuldast endringa i DRG-prisen som følgje av at kodeforbetringa i 2005 er lågare enn føresett i budsjettet. I tillegg vart det som kjent gitt kompensasjon i 2005 for manglande kodeforbetring året før. I sum gir dette Helse Stavanger eit positivt avvik på ISF-inntektene trass i at DRG-produksjonen ligg 265 poeng etter planlagt aktivitet.

Dei polikliniske inntektene ligg 7,7 % over planlagt nivå. Ein del av dette må sjåast i samanheng med mindreinntekter på rammetilskotet. Dette skuldast forskyving av tidspunktet for iverksetting av halvering av lab/røntgentakstane.

På kostnadssida er det eit overforbruk samanlikna med budsjett på alle hovudgruppene. Varekostnader har eit samla overforbruk på kr 23,3 mill. Helse Stavanger har i tidlegare rapporteringar forklart at det på varekostnader er plassert ein generell innsparingspost under varekostnader som pr. november utgjør kr 9,1 mill. Denne innsparinga på varekost er i staden henta inn gjennom auka inntekter. Korrigerert for dette er avviket på varekost på kr 14,2 mill. Kr 8,5 mill av dette er knytt opp mot ordinære varekostnader medan 5,7 er knytt til kjøp av helsetenester. Den polikliniske aktiviteten er betydeleg høgare enn planlagt, og mykje av meirforbruket av varekostnader må difor sjåast opp mot dette.

Løn- og personalkostnader viser eit samla overforbruk på kr 15,5 mill (1 %). Pr. november er det i Helse Stavanger ikkje mogleg å skilje ut kor mykje av avviket som skuldast fast løn og kor mykje av avviket som skuldast variabel løn pga. at all etterbetaling i samband med akademikaroppgjøret er blitt ført som variabel løn på november. Dette blir retta opp i samband med lønsskjøringa for desember. Frå tidlegare rapporteringar veit vi likevel at Helse Stavanger gjennom heile året har hatt eit overforbruk på variabel løn der største årsaka til overforbruk på overtid og ekstravakter skuldast stor pasienttilstrømming til akuttmottak og intensiv avdelinga. Det er ingenting som tyder på at denne trenden har snudd. I tillegg er det eit overforbruk på engasjementstillingar på kr 9,8 mill som skriv seg frå aktivitet på kvelds- og ekstrapoliklinikkar der verken inntekts- eller kostnadssida er lagt inn i budsjettet.

Andre driftskostnader inkl. ordinære avskrivningar har eit overforbruk på 25,9 mill. Avviket er samansett av ei rekkje forhold. I første rekke skuldast avviket kr 11 mill i høgare avskrivningar enn budsjettet. Andre postar er sjuketransport (kr 1 mill), auka reisekostnader (kr 2,3 mill) og endring i rekneskapspraksis med tanke på direkte kostnadsføring av kjøp av MTU (kr 2,1 mill).

2.2.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Hittil i år				Heile året		
	Rekneskap -05	Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	38 225	39 591	-1 366	37 403	43 315	43 315	0
Dagkirurgi/dagbeh.	26 310	26 562	-252	24 465	28 906	28 906	0
DRG-poeng	49 969	50 234	-265	46 984	54 822	54 822	0
Pol. konsultasjonar	171 518	165 542	5 976	161 081	186 498	180 000	6 498
Psykatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	84 084	97 708	-13 624	95 798	100 901	106 590	-5 689
Opphaldsdagar, dagpasientar	12 272	18 700	-6 428	24 507	14 726	20 400	-5 674
Pol. konsultasjonar	66 233	54 583	11 650	48 004	79 480	59 545	19 935

DRG-produksjonen pr. november er totalt 265 poeng (0,5 %) etter planen medan talet på polikliniske konsultasjonar innan somatikk ligg 3,6 % over planlagt aktivitet. Talet på sjukehusopphald ligg 3,5 % under budsjettet aktivitet.

Innan psykiatri er talet på opphaldsdøgn betydeleg redusert både samanlikna med 2004 og samanlikna med plan. Samanlikna med planen er reduksjonen på 13,9 %. Samtidig har Helse Stavanger ein vekst i talet på polikliniske konsultasjonar innan psykiatri på 21,3 %.

2.3 Helse Fonna HF

2.3.1 Resultat

Samandragrapport pr.:

NOVEMBER 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	100 290	6,7 %	97 568	6,5 %	97 700	7,0 %	109 000	106 175	2 825
ISF	478 512	32,1 %	490 165	32,9 %	289 233	20,6 %	526 231	534 270	-8 039
Rammetilskot	860 378	57,7 %	859 550	57,6 %	969 094	69,0 %	943 063	941 913	1 150
Andre inntekter	52 048	3,5 %	43 861	2,9 %	48 957	3,5 %	55 094	49 400	5 694
Sum driftsinntekter	1 491 228	100,0 %	1 491 144	100,0 %	1 404 984	100,0 %	1 633 388	1 631 758	1 630
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	154 973	10,4 %	145 371	9,7 %	148 633	10,6 %	169 549	158 999	10 550
Løns- og personalkostnader	1 080 311	72,4 %	1 055 790	70,8 %	1 037 969	73,9 %	1 189 656	1 158 801	30 855
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	269 708	18,1 %	272 057	18,2 %	263 712	18,8 %	290 427	301 052	-10 625
Sum driftsutgifter	1 504 992	100,9 %	1 473 218	98,8 %	1 450 314	103,2 %	1 649 632	1 618 852	30 780
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-13 764	-0,9 %	17 926	1,2 %	-45 330	-3,2 %	-16 244	12 906	-29 150
Netto finans	-1 218		-900		618		-1 000	-1 000	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-14 982		17 026		-44 712	0	-17 244	11 906	-29 150
- Meiravskrivning	67 834		67 834		67 834		74 000	74 000	0
Resultat	-82 816	0	-50 808	0	-112 546	0	-91 244	-62 094	-29 150

Helse Fonna har pr. utgangen av november eit resultat som er kr 32 mill dårlegare enn budsjettet. Prognosen pr. november tilseier eit samla avvik mot budsjett på kr 29,2 mill. Avviket er eit reint kostnadsavvik. Samla resultat viser ei betring i november på kr 3,8 mill. Dette skuldast både høgare inntekter og reduksjon i kostnader.

Inntektene er tilnærma i balanse med budsjett. Det er eit negativt avvik på ISF-inntektene på kr 11,7 mill medan meirinntekter både innanfor polikliniske inntekter og andre inntekter veg opp for dette. På andre

inntekter er det m.a. inntekter frå eigenbetalande pasientar som ikkje var budsjettert samt tilskot til lokalsjukehusprosjektet.

På kostnadssida kan det sjå ut som om veksten har flata ut. I tråd med tiltaka som er sett i verk hadde Helse Fonna rekna med noko større effekt i november, men ser det likevel som positivt at kostnadsauken har flata ut. På varekostnader er det framleis eit overforbruk (kr 9,2 mill pr. november) og avviket blir forklart med at føresetnader om innsparing grunna nye avtalar ikkje har slått til. Det er medisinske forbruksvarer som står for det største avviket.

På løns- og personalkostnader er det eit negativt avvik hittil i år på kr 24,5 mill. Dei ekstraordinære tiltaka som er sett inn har ikkje gitt forventa og kalkulert effekt. Fokuset på forbruk av variabel løn har gitt ein effekt med lågare forbruk i talet på timar men samstundes har grunnløna hatt ein auke slik at totalgevinsten uteblir.

Andre driftskostnader har hittil i år eit negativt avvik på kr 4,4 mill. Dette avviket skuldast kr 2 mill høgare bruk enn budsjettert på sjuketransport og ei vriding i kostnadsbruken frå løn til andre kostnader på psykiatri. Innkjøpsstoppen for resten av året skal totalt gje ein effekt på minimum kr 4 mill. Dette er rekna for alle postar utanom sjuketransport, som vil ha eit meirforbruk på 2 – 2,5 mill ved slutten av året.

2.3.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -05	Hittil Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Heile året Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	23 232	23 288	-56	22 130	25 404	25 404	0
Dagkirurgi/dagbeh.	11 716	11 471	245	11 151	12 750	12 534	216
DRG-poeng	25 966	26 382	-416	24 549	28 527	28 777	-250
Pol. konsultasjonar	83 392	83 007	385	84 495	91 275	91 275	0
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	62 382	72 043	-9 661	73 467	67 950	78 568	-10 618
Opphaldsdagar, dagpasientar	6 014	7 326	-1 312	7 045	6 600	7 700	-1 100
Pol. konsultasjonar	33 346	32 237	1 109	29 590	37 200	34 700	2 500

Produksjonstala viser at Helse Fonna no innan somatikk ikkje har så store avvik i forhold til planlagt aktivitet. Talet på DRG-poeng er no 1,6 % under planlagt aktivitet, men Helse Fonna har håp om å betra dette ytterlegare i desember. Innan psykiatri er volumet lågare enn planlagt, både når det gjeld heildøgns pasientar og dagverksemd. Dette er forventa og i samsvar med opptappingsplan for psykiatri. Poliklinisk verksemd har i tillegg auka meir enn planlagt.

2.4 Helse Bergen HF

2.4.1 Resultat

Samandragrapport pr.:

NOVEMBER 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	374 136	8,1 %	389 445	8,6 %	373 508	8,8 %	399 081	424 081	-25 000
ISF	1 448 599	31,5 %	1 449 078	31,8 %	846 513	19,8 %	1 604 029	1 584 029	20 000
Rammetilskot	2 566 909	55,8 %	2 546 487	56,0 %	2 841 276	66,6 %	2 795 247	2 778 397	16 850
Andre inntekter	206 525	4,5 %	165 882	3,6 %	204 995	4,8 %	189 938	181 788	8 150
Sum driftsinntekter	4 596 169	100,0 %	4 550 893	100,0 %	4 266 293	100 %	4 988 294	4 968 294	20 000
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	772 534	16,8 %	742 368	16,3 %	702 810	16,5 %	846 313	809 313	37 000
Løns- og personalkostnader	3 202 879	69,7 %	3 183 280	69,9 %	3 096 192	72,6 %	3 487 350	3 499 350	-12 000
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	711 001	15,5 %	677 182	14,9 %	738 543	17,3 %	754 040	734 040	20 000
Sum driftsutgifter	4 686 415	102,0 %	4 602 830	101,1 %	4 537 545	106,4 %	5 087 702	5 042 702	45 000
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-90 245	-2,0 %	-51 938	-1,1 %	-271 252	-6,4 %	-99 408	-74 408	-25 000
Netto finans	-11 680		-8 252		367		-9 002	-9 002	0
Ekstraordinære poster	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-101 926		-60 189		-270 885	0	-108 410	-83 410	-25 000
- Meiravskrivning	200 187		200 187		200 187		219 000	219 000	0
Resultat	-302 113	0	-260 376	0	-471 072	0	-327 410	-302 410	-25 000

Resultatet i Helse Bergen er pr. 30. november kr 41,7 mill dårlegare enn budsjettert. Det er avvik både i form av høgare inntekter enn budsjettert (kr 45,3 mill) og høgare kostnader (kr 83,6 mill).

På inntektssida er det andre inntekter som har det største positive avviket med kr 40,6 mill. Dette skuldast inntekter som ikkje er budsjetterte og som også har ei tilsvarande kostnadsside. Mellom anna er tilskotet til utanlandsbehandlinga inntektsført her. Det positive avviket på polikliniske inntekter og negative avviket på rammetilskotet heng saman med at halveringa av lab/røntgen takstane vart gjennomført av staten seinare enn det som var kjent når budsjettet vart lagt.

På kostnadssida er det eit avvik på varekostnader på kr 30,2 mill. Hovudforklaringa på dette ligg i meirkostnader knytt til medikament på kr 25,8 mill. I tillegg er det auka kostnader knytt til behandlingshjelpemiddel på kr 3,4 mill og kr 9 mill knytt til implantat (som er refundert med 60 % på inntektssida). Av positive trekk finn vi innsparing på kr 13,4 mill som skuldast iverksetting av tiltak innan sjuketransport.

Avviket på lønskostnader er på kr 19,6 mill. Avviket kjem på konti for overtid, ekstrahjelp og vakansvakter der det er eit negativt avvik på kr 48 mill. På både fast løn, pensjonskostnader og anna løn er det imidlertid positive avvik på totalt kr 28,4 mill som kompenserer for mykje av avviket på variabel løn.

Avviket på andre driftskostnader på kr 33,8 mill skuldast mellom anna ombyggingar som var budsjettert som investeringar men som i tråd med rekneskapsregelverket ikkje skal aktiverast men kostnadsførast direkte. Pr. november utgjer dette kr 9,7 mill, men i prognosen er det lagt til grunn eit avvik på dette på kr 20 mill. Det ligg òg på andre driftskostnader eit ikkje-fordelt krav om innsparing som er føresett dekkja gjennom auka inntekt. Dette tilsvarer pr. november kr 7 mill i avvik. På avskrivningar er det eit positivt avvik på kr 6,2 mill som er med på å avgrensa det totale negative avviket på denne kostnadsgruppa.

2.4.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -05	Hittil Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Heile året Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	58 580	59 085	-505	57 750	64 362	64 644	-282
Dagkirurgi/dagbeh.	36 586	34 337	2 249	30 973	39 635	37 301	2 334
DRG-poeng	76 347	76 902	-555	72 248	83 827	84 122	-295
Pol. konsultasjonar	266 499	248 421	18 078	248 421	290 726	270 380	20 346
Psykatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	120 221	111 206	9 015	126 032	131 191	121 959	9 232
Opphaldsdagar, dagpasientar	11 673	11 467	206	11 485	11 690	12 401	-711
Pol. konsultasjonar	66 322	76 443	-10 121	46 906	75 730	83 203	-7 473

Ved utgangen av november har Helse Bergen produsert 555 færre DRG-poeng enn planlagt. Helse Bergen har gjennom heile året peika på at det er vanskeleg å innfri føresetnaden om 2 % kodeforbetring. Talet på sjukehusopphald ligg òg litt under planlagt aktivitet (505 opphald).

Innan psykiatri har det vore i overkant av 9000 fleire opphaldsdøgn enn planlagt. Plantala er lagt ut frå tilnærma full kapasitetsutnytting og avviket her er difor eit uttrykk for overbelegg og høgt pasientpress. Talet på opphaldsdøgn er likevel redusert frå 2004 til 2005. Talet på polikliniske konsultasjonar har auka betydeleg frå 2004 til 2005, men ein ligg likevel om lag 10.000 konsultasjonar bak planlagt aktivitet. Dette skuldast dels vakansar og dels at ein ikkje har fått til den produktivitsveksten som var føresett i budsjettet. På tross av at ein ikkje når den målsette aktiviteten er det likevel innan polikliniske konsultasjonar ein betydeleg vekst frå 2004 til 2005 på i overkant av 19.400 konsultasjonar.

2.5 Helse Førde HF

2.5.1 Resultat

Samandragrapport pr.: NOVEMBER 2005

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	80 835	6,5 %	83 615	6,7 %	85 011	7,1 %	87 000	90 627	-3 627
ISF	373 713	29,9 %	384 454	30,6 %	227 225	19,0 %	414 207	422 492	-8 285
Rammetilskot	743 801	59,6 %	735 422	58,5 %	842 667	70,4 %	812 018	802 230	9 788
Andre inntekter	50 226	4,0 %	53 382	4,2 %	42 487	3,5 %	61 431	54 907	6 524
Sum driftsinntekter	1 248 575	100,0 %	1 256 873	100,0 %	1 197 390	100,0 %	1 374 656	1 370 256	4 400
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Regnskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	167 520	13,4 %	165 542	13,2 %	240 011	20,0 %	182 481	183 081	-600
Løns- og personalkostnader	881 394	70,6 %	841 450	66,9 %	799 361	66,8 %	966 509	936 933	29 576
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	235 213	18,8 %	233 721	18,6 %	188 717	15,8 %	260 142	261 341	-1 199
Sum driftsutgifter	1 284 127	102,8 %	1 240 713	98,7 %	1 228 090	102,6 %	1 409 132	1 381 356	27 776
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-35 552	-2,8 %	16 161	1,3 %	-30 700	-2,6 %	-34 476	-11 100	-23 376
Netto finans	-1 200		-2 292		-955		-2 000	-2 500	500
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-36 752		13 869		-31 655	0	-36 476	-13 600	-22 876
- Meiravskrivning	62 333		62 333		62 333		68 000	68 000	0
Resultat	-99 085	0	-48 465	0	-93 989	0	-104 476	-81 600	-22 876

I Helse Førde er det pr. utgangen av november eit negativt avvik målt mot budsjett på kr 50,6 mill. Dette skuldast hovudsakeleg at kostnadene er høgare enn budsjettert, men Helse Førde har òg ei utfordring på inntektssida.

Bokførte inntekter er kr 8,3 mill lågare enn budsjettert. Årsaka til dette ligg hovudsakeleg på ISF-inntektene som er kr 10,7 mill under budsjettert nivå, noko som skuldast at forventninga om tilførsel av pasientar frå Helse Vest området til ortopediklinikken i Lærdal ikkje har blitt innfridd. Her manglar ein 900 DRG-poeng på å nå målsettinga.

Sum driftskostnader viser eit meirforbruk på kr 43 mill. Dette meirforbruket har auka med kr 5,9 mill frå førre periode. På lønsområdet er det eit overforbruk på kr 39,9 mill der overforbruket er knytt til overtid og ekstrahjelp. Igjen er det drifta av ambulanseverksemda samt at ein ikkje har klart å realisere innsparingsmåla som er peika på som problema. Nærare analyser viser at dei store klinikkane har klart å få til ein reduksjon i variabel løn samanlikna med same periode i fjor, men klarer imidlertid ikkje å realisere dei budsjetterte innsparingane. Andre driftskostnader viser eit meirforbruk på kr 5 mill. I dette avviket ligg det meirkostnader til sjuketransport på ca. kr 7,3 mill.

2.5.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -05	Hittil Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Heile året Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	18 211	18 580	-369	18 580	20 286	20 286	0
Dagkirurgi/dagbeh.	7 216	6 397	819	6 397	7 700	7 028	672
DRG-poeng	19 962	20 642	-680	19 351	22 058	22 500	-442
Pol. konsultasjonar	88 679	87 172	1 507	90 392	96 829	94 829	2 000
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	30 928	27 886	3 042	29 602	33 560	30 460	3 100
Opphaldsdagar, dagpasientar	807	1 030	-223	989	900	1 080	-180
Pol. konsultasjonar	27 239	22 350	4 889	20 953	29 500	24 400	5 100

Pr. november ligg Helse Førde 680 DRG-poeng bak målalet. Meir enn heile dette avviket kan først tilbake til lågare produksjon innan ortopedifaget, der ein etter 11 månader ligg 746 poeng etter målalet. Poliklinisk aktivitet for somatisk område ligg 1507 konsultasjonar før målalet, på same måte som ein har ein aukande andel dagbehandling.

Psykisk helsevern har god produksjon og ligg godt føre måltala.

2.6 Helse Vest IKT AS

Samandragrapport pr.: NOVEMBER 2005

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	248 782	100 %	236 597	100 %	258 106	258 106	0
Varekostnader	27 121	10,9 %	25 666	10,8 %	28 000	28 000	0
Løns- og personalkostnader	55 545	22,3 %	52 238	22,1 %	58 404	58 404	0
Andre driftskostnader	166 111	66,8 %	158 197	66,9 %	171 378	171 378	0
Sum driftsutgifter	248 776	100,0 %	236 101	99,8 %	257 782	257 782	0
Driftsresultat	5		496		324	324	0
Netto finans	381		0		0	0	0
Ekstraordinære postar							0
Resultat	386		496		324	324	0

Resultatet pr. november ligg på nivå med budsjettet.

Ved utarbeidinga av rekneskapen for november 2005 vart det avdekka rekneskapsmessige feil utover det som vart innarbeidd i rekneskapen pr. oktober. Tala for perioden 01. januar – 30. november 2005 er usikre ut frå følgjande forhold: (1) det økonomiske utfallet av Pro&Contra oppgjeret er ukjent, (2) årets tilgang av anleggsmiddel (herunder tingsinnskotet) er ikkje lagt inn i anleggsregisteret i rekneskapsystemet og dei ordinære avskrivningar kan på den bakgrunn ikkje bereknast fullt ut nøyaktig og (3) verdien til Helse Vest IKT sitt varelager er ikkje verifisert.

2.7 Apoteka Vest HF

Samandragrapport pr.: **NOVEMBER 2005**

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		Avvik
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	
Sum driftsinntekter	432 233	100 %	397 104	100 %	384 419		476 000	437 677	38 323
Varekostnader	345 919	80,0 %	312 697	78,7 %	308 728	80,3 %	381 000	344 647	36 353
Løns- og personalkostnader	65 757	15,2 %	65 854	16,6 %	60 394	15,7 %	73 000	72 437	563
Andre driftskostnader	18 416	4,3 %	19 104	4,8 %	15 842	4,1 %	22 350	20 843	1 507
Sum driftsutgifter	430 092	99,5 %	397 655	100,1 %	384 964	100,1 %	476 350	437 927	38 423
Driftsresultat	2 141		-551		-545		-350	-250	-100
Netto finans	335		230		331		350	250	100
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat	2 476		-321		-214		0	0	0

Apoteka Vest har eit overskot på kr 2,5 mill pr. november. Dette er kr 2,8 mill betre enn budsjettet. I dette resultatet ligg det inne ei inntektsføring av kr 3,8 mill for basistjenester som blir ytt til helseføretaka. Alle apoteka har positive resultat bortsett frå apoteket i Stavanger. Prognosen tilseier at Apoteka Vest får eit null-resultat i tråd med budsjett. Dei mest usikre momenta i prognosen er knytt til aktuarberekninga frå pensjonsordninga for apoteketaten. I tillegg er det usikkerheit knytt til forholdet mellom utgiftsføring og aktivering av investeringar som kan påverke resultatet.

2.8 Kjøp av helsetenester

Samandragrapport pr.: **NOVEMBER 2005**

REKNEKAPSDATA

	Hittil i år				Heile året		Avvik
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Prognose	Budsjett	
Poliklinikk (RTV og eigenbetaling)	652 949	5,7 %	0	0,0 %	0	0	0
ISF	3 793 527	33,3 %	3 616 947	34,2 %	4 125 309	4 125 309	0
Rammetilskot	6 961 675	61,0 %	6 941 827	65,7 %	7 575 858	7 575 858	0
Andre inntekter	476	0,0 %	3 311	0,0 %	3 613	3 613	0
Sum driftsinntekter	11 408 627	100,0 %	10 562 085	100,0 %	11 704 780	11 704 780	0
Varekostnader	11 180 193	98,0 %	10 242 551	97,0 %	11 356 163	11 356 163	0
Løns- og personalkostnader	419	0,0 %	1 087	0,0 %	1 318	1 318	0
Andre driftskostnader	181 450	1,6 %	242 836	2,3 %	264 843	264 843	0
Sum driftsutgifter	11 362 062	99,6 %	10 486 474	99,3 %	11 622 324	11 622 324	0
Driftsresultat	46 565		75 611		82 456	82 456	0
Netto finans	0		0		0	0	0
Ekstraordinære postar	0		0		0	0	0
Resultat	46 565		75 611		82 456	82 456	0

Kjøp av helsetenester viser RHF'et sine inntekter frå staten og kostnader i form av overføring til helseføretaka og også kjøp frå private ideelle og kommersielle.

Det negative avviket på kjøp av helsetenester er pr. november på kr 29 mill. Samanlikna med forrige månad har avviket auka med kr 4 mill. Avviket skuldast fleire forhold; Helse Vest har kompensert for fleire enkeltpostar til kjøp av helsetenester som ikkje var innarbeida i budsjettet m.a. fedmekirurgi, tilleggsfinansiering av ortopediklinikken i Lærdal, auka kostnad i tilskot til utanlandsbehandling m.m.

Innan gjestepasientoppgjering er det ein auke i pasientstraumane som går til private sjukehus og avtalespesialistar. Kostnaden ved å sende pasientane til desse er i gjennomsnitt lågare enn den DRG-

refusjonen Helse Vest mottar frå staten (grunna ISF-refusjonsgrad på 60 % i 2005). Dette gir eit positivt bidrag til resultatet.

Basert på dei avvika ein er kjent med no, og som har gått igjen gjennom heile året, er avviket mot slutten av året venta å ligge i overkant av kr 30 mill. All erfaring tilseier likevel at det gjennom rekneskapsavslutninga vil kome fram rekneskapspostar i avstemminga mellom helseføretaka og morselskapet som kan påverke resultatet både i positiv og negativ retning.

Helse Vest har budsjettert med ein reserve som for året utgjer kr 126 mill. Reserven vil måtte løysast opp ved utgangen av året, og det positive resultatavviket som følgjer av dette vil være med å dekke opp dei andre budsjettavvika, samt dekke opp for delar av manglande resultatoppnåing i helseføretaka.

2.9 Helse Vest RHF administrasjon

Samandragsrapport pr.: NOVEMBER 2005


REGNSKAPSDATA

	Hittil i år			Heile året		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	44	0	44	0	0	0
Varekostnader	3 507	0	3 507	0	0	0
Løns- og personalkostnader	20 552	23 688	-3 136	26 037	26 037	0
Andre driftskostnader	25 329	35 783	-10 454	39 079	39 079	0
Sum driftsutgifter	49 388	59 471	-10 083	65 116	65 116	0
Driftsresultat	-49 344	-59 471	10 127	-65 116	-65 116	0
Netto finans	6 830	0	6 830	0	0	0
Ekstraordinære postar	0	0	0	0	0	0
Resultat	-42 514	-59 471	16 957	-65 116	-65 116	0

Helse Vest administrasjon viser eit positivt avvik på nærare kr 17 mill. Som det er nemnt i tidlegare rapportar heng dette saman med at netto finansinntekter er førte her i tillegg til at ein har mindre kostnader til bruk av konsulentar enn budsjettert. I tillegg er det lønsmidlar som ikkje er brukte. Det er forventa at det positive avviket ved slutten av året vil ligge rundt kr 12 mill.

3 LIKVIDITET

Likviditeten har gradvis forverra seg gjennom året som følgje av underskota samt betaling av KLP reguleringspremie. Samtidig har denne trenden flata ut i dei siste månadene av året. Dette skuldast mellom anna at Helse Vest som følgje av omgrupperingsproposisjon har fått utbetalt kr 137 mill som følgje av høgare anslag på aktivitet samt auka inntekt som følgje av lågare kodevekst. I tillegg fekk Helse Vest eit tillegg i låneramma på kr 100 mill til investeringar i 2005. Då den auka låneramma vart kjent så seint i året har berre ein mindre del av dei aktuelle investeringane hatt utbetalingar i 2005. Desse forholda har ikkje vore med i likviditetsprognosen tidlegare og gir derfor ein betre likviditetssituasjon ved utgangen av året enn det som tidlegare har vore signalisert.




4 UTVIKLING I MÅNADSVERK OG SJUKEFRÅVÆR

Løns- og personalstatistikken blir no henta direkte frå lønskuben. Ein av fordelane med dette er at ein no bruker same definisjon på månadsverk i alle HF'a slik at tala i prinsippet skal kunna samanliknast på tvers av HF grensene.



I bruken av tal frå kubene ser vi at det dukkar opp ulike problemstillingar. Registrering av lønsdata blir ikkje endeleg avslutta kvar månad slik som rekneskapstala blir. Dette resulterer i at tala som vart rapportert på eit gitt tidspunkt vil endre seg. Mellom anna ser vi at det totale sjukefråværet som vart rapportert i oktober no har auka. På same måte endrar månadsverkstala seg tilbake i tid. Årsaka til dette er at det er eit etterslep både i innlevering av timelister og sjukemeldingar og i registreringa av dette. Vi må difor rekne at statistikken som blir presentert for dei to siste månadene ikkje gir eit fullstendig bilete av den faktiske situasjonen.

4.1 Totalt sjukefråvær



Sjukefråværspersenten svingar gjennom året og vi ser at forløpet til sjukefråværet i 2005 er om lag som i 2004. Totalt sett ligg sjukefråværet litt i underkant av fråværet i 2004. Dersom vi ser på dei siste månadene kan det sjå ut som om talet for november flatar ut samanlikna med fjoråret, men som nemnt i innleiinga er det grunn til å tru at tala for dei to siste månadene er noko undervurderte, noko som igjen vil bety at den samla sjukefråværspersenten i realiteten ligg over fjorårsnivået.



4.2 Helse Stavanger



Sjukefråværet i Helse Stavanger det siste halvåret låge over nivået i 2004.



Talet på månadsverk ligg frå og med august under fjorårsnivået. Det er likevel grunn til å rekne med at det mot slutten av året vil bli registret timelister som gjer at talet på månadsverk dei siste månadene vil auke.

4.3 Helse Fonna





Helse Fonna har også hatt ein sjukefråværsprosent dei siste månadene som ligg over nivået i fjor. Også talet på månadsverk ligg over nivået i fjor.

4.4 Helse Bergen



I Helse Bergen er utviklinga litt annleis. Her ser vi at sjukefråveret gjennom heile året har vore under 2004-nivået. Talet på månadsverk har hatt ein liten auke frå august og ligg no 134 månadsverk over fjorårsnivået. I tillegg må ein ta med i berekninga at novembertala for 2005 ikkje er fullstendige.

4.5 Helse Førde



Sjukefråveret i Helse Førde har vore relativt stabilt siste halvår. Ein ligg likevel ca. 0,5 prosentpoeng over fjorårsnivået pr. november. Talet på månadsverk er også relativt stabilt og ligg om lag på same nivå som fjoråret.

Forslag til vedtak

Styret tar økonomirapport pr 30. november 2005 til etterretning.